



«De forlot sin barndoms egn og flyttet til Nordland»

Av Ola M. Heide

Utvandringa til Amerika var stor i Ringebu som i de fleste bygder i Gudbrandsdalen, og temaet er omtala i Hemgrenda ei rekke gonger opp gjennom åra. Men før og samtidig med Amerikautvandringa var det og mange som vandra ut frå desse bygdene til Målselv- og Bardudalen i Troms der det som kjent kom i gang eit stort busettingsprogram mot slutten av 1700-talet. Dette vara ved ut gjennom heile 1800-talet. den allmenne historia om dette er truleg kjent for dei fleste, og treng ikkje å bli fortald på nytt. Men som hytteigar i Ringebufjellet og flitig lesar av Hemgrenda, vil eg her fortelja litt om liv og lagnad til utvandrarar i mi eiga slekt med tilknytting til dette området.



Halvor Guttormsen Skjeggesnes



Anne Olsdtr. f. Havn





Vårt siste store landnám

Busettinga i Bardu- og Målselvdalen var det siste store landnåmet her i landet. Det var fogden Jens Holmboe (1752-1804) i Senjen og Troms fogderi som var initiativtakar og pådrivar for dette tiltaket. Jordhungeren var stor i sørnorske dalføre på denne tida, og med den tids landbruks-teknologi ga ikkje naturgrunnlaget lenger bære-evne for den raskt veksande folkesetnaden der. Løysinga på problemet var utvandring til nye område som ennå ikkje var tatt i bruk.

Medan innvandrarane til Bardu-dalen i hovudsak kom frå Tynset og bygdene rundt, var det særleg folk frå Stor-Elvdal, Follidal og bygdene i midtre Gudbrandsdalen (i siste fase også frå Oppdal og andre fjellbygder i Sør-Trøndelag), som flytta til Målselv. Mellom utvandrarane til Målselv var alle fire oldeforeldra mine på morsida. Eg skal her fortelje litt om liv og lagnad til to av dei, oldemor Anne Olsdatter frå Sollia, og Halvor Guttormsen frå Stor-Elvdal. Av særleg interesse er eit sjølvbiografisk oversyn som oldefar Halvor har skrive ned i ein gammal familiebibel frå 1853 som framleis er i slekta si eige i Målselv, og som er attgjeven her. Nedteikninga er halden i ein høgtideleg, nesten lyrisk stil, med vendingar som "jeg er født til verden", "forlot min barndomsegn" og "ægteviet med min elskede Anne", og ho vitner om ein person med stor sans for nøyaktig dokumentasjon av historisk-biografiske data. Ein vert og imponert over den sirlige og flotte skrifta. Av

Halvor Guttormsen og Anne Olsdatter Skjeggesnes. Halvor var fødd på Stai i Stor-Elvdal i 1821 og døydde i Målselv i 1901. Anne var fødd på Hamn i Sollia i 1827 og døydde i Målselv i 1917. Dei vart vigde i Målselv kyrkje i 1847.

114

samanhengen framgår det at oldefar har skrive dette ein gong mellom 1857 og 1860, altså nesten 20 år etter at han kom til Målselv.

Kven var dei ?

Kven var så desse folka? Oldefar si utgreiing fortel kva dei heitte, kva tid dei var fødde, døypte og konfirmerte, kva tid dei flytta ut m. m., men fortel elles ingenting om tilknytting til gard eller plass. For oldemor sin del fortel kyrkjeboka for Ringebru ein del om dette:

Anne Olsdatter var fødd 02.03.1827 på garden Hamn ("Havn, Havnen") i Sollia, der kor Rondetunet er i dag. Heimedøypt 04.03.1827 og seinare døypt i Sollia kyrkje den 08.07. same året. Merknad frå presten om at ho var "uægte barn" sidan foreldra ikkje var gifte. Konfirmert i Ringebru kyrkje i 1836. "Kunnskap ganske god, god oppførsel" (prestens merknad). Foreldre var Ragnhild Taraldsdatter Havn, fødd Øverby (f. 1806) og ungkar Ole Hansen Vuluvolden (Vollum) (1806-1892). Ragnhild Taraldsdatter Havn (tippolde-mor mi) var døypt i Sollia kyrkje 28.06. 1806 og konfirmert i 1821 ("kunnskap god, god oppførsel"). Ho var gift tre gonger, første gongen med Tarald Brynjulfsen Imsdalen, f. 1767 i Imsdalen. Han døydde i krigen mot svenskane ved Kongsvinger i 1808. Ole Hansen Vuluvolden (min tippoldefar) vart seinare gift med Kari Jensen Enden (1808-1891). Hans far var Ole Olsen Steberg frå Fron.



Salvor Guttormsen Skieg-
gesnæs.

Jeg er født til Verden i Namods Prestegjeld
i Østerdalen, 27^{de} August Mar 1824,
døbt den 7^{de} October samme Mar, Confirmeret
den 2^{den} October 1836 af Pastor Dirks,
i Foraaet 1839 forlod jeg min Barndoms-
og reiste til Norland, den 25^{de} Juli 1847
blev jeg ægteviet med min elskede Anne i
Maalselvens Kirke af Proust Holmboe.

Jeg Anne Wilsdatter er født til Verden i
Søllien, Muny til Kingeboe Prestegjeld i Gud-
brandsdalen, den 2^{den} Marts 1827 og døbt den 8^{de}
Juli samme Mar i Sølliens Kirke, samt Confir-
ret 1842 i Kingeboe Hovedkirke af Cognepræst
Beruhoff, i Maaet 1847 reiste jeg til Nordland
Ægteviet den 25^{de} Juli 1847. -

Vort Ægteskab er velsignet med følgende Børn:

Delena Halvorsdatter, født den 26^{te} Juli 1846.

Guttorm Halvorsen, født den 28^{de} August 1848,

Dans Halvorsen født den 31^{te} August 1850,

Ole Halvorsen født den 1^{te} August 1852.

Halvor Halvorsen født den 5^{te} Decembre 1854.

Andreas Halvorsen, født 5^{te} Januar 1857

Naadige og barmhjertige Gud! Du som har velsignet mig med disse Børn
iv mig og fra Daaede og Viisdom til at opdrage dem i Guds frygt
t de fra Barndom af maa lære dig og dit Ord at kjende
t de ved en sand og levende Tro paa dig og din elskelige Sønn
de som omsider ved Dagenes Ende maa arve de Velsignelse
og Derved du har beredt for Alle dem som frygte, elske og hene dig.
Amen!!

Halvor Guttormsen

Hagrithild Halvorsdatter, født
den 10^{de} Mai 1860.

Edvard Halvorsen født den 8^{de} Mai

.. 1862..

25
8 62

11 Oldefar Halvor Guttormsen sitt sjølvbiografiske oversyn slik han har skrive det ned i ein gammel familiebibel i Målselv.



Tilsvarande opplysningar om oldefar er å finne i kyrkjeboka for Åmot prestegjeld i Østerdalen (Stor-Elvdal vart eige prestegjeld i 1873). *Halvor Guttormsen* var fødd på garden Stai i Storelvdal den 27.08. 1821. Døyp 07.10. same år i "Elvedalen annexkirke" (også han "uægte barn"). Han vart konfirmert 02.10.1836 av presten Andreas Wulfsberg Dirchs, som var sokneprest i Åmot i åra 1828-1846. Foreldra til Halvor var Helvig Olsdatter Stai og Guttorm Halvorsen (1790-1865) fra Åsnes i Solør. Ved dåpen i 1821 opplyser kyrkjeboka at Guttorm Halvorsen var "nu tjenende" hos Helge Halvorsen Stai. Ved sonen sin konfirmasjon i 1836 er han skriven som Guttorm Halvorsen Furuset. Ved folketeljinga i 1801 finn vi han som 11 år gammel son av husmannen Halvor Olsen og hustru Marte Guttormsdatter (begge 40 år i 1801) på ein husmannsplass under garden Bjørneby i Åsnes. Som vi seinare skal sjå, flytta også Guttorm Halvorsen til Målselv og budde der saman med sonen Halvor. Om mor til Halvor, Helvig Olsdatter Stai, har eg dessverre ikkje kunna finne nærare opplysningar. I 1847 vart Anne og Halvor vigde i Målselvkyrkja av prost L. C. Holmboe. Kyrkjebøkene stadfester såleis på alle hald dei opplysningane som oldefar gjev i si nedteikning.

Dei fekk ein stor barneflokk

"Vort Ægteskab er velsignet med følgende børn:", skriv oldefar vidare, og lister så opp navn og fødselsdato for desse. Den oppmerksame lesar vil elles merke seg at velsigninga med barn i ekteskapet i røynda kom i gang året før giftarmålet mellom Anne og Halvor. Det

var nok lenge mellom kyrkjedagane den gongen. Målselv fekk eiga kyrkje vigsla i 1829, men hadde ikkje eigen prest før i 1853 (Johan Ernst Welhaven, sokneprest 1853-1860). Prost L. C. Borchgre-vink Holmboe som vigde Anne og Halvor i 1847, var prost i Tromsø prosti frå 1839 og hadde såleis tilhald i Tromsø, eit par dagsreiser unna på den tid. Det kan elles sjå ut til at oldefar kanskje rekna med at det var slutt med "velsigninga" etter det sjette barnet i 1857, ettersom han då førebels avslutter med si gripande bøn om "Naade og Viisdom til at opdrage dem i Guds frygt". Siste del av denne lista er av plassomsyn ikkje tatt med her, men ho fortel at siste barnet til Anne og Halvor vart fødd i 1869. Det kan elles nemnast at oldefar i 1867 skifta frå gotisk til latinsk skrift (antikva), like flott og sirlig som den gotiske. Årstalet samsvarar godt med at denne skrifttypen gradvis vart innført i skolen og offentleg administrasjon her i landet gjennom siste halvdel av 1800-talet.

Av oldefar si nedskrivning framgår det elles at dei utvandra uavhengig av kvarandre, Halvor i 1839 og Anne i 1844. Dei var då berre 18 og 17 år gamle, og det er lite truleg at dei kjende til kvarandre på den tida. Som vi seinare skal sjå, er det truleg at Halvor var i følgje med far sin då han i 1839 flytta nordover. I 1845 kjøper Halvor Guttormsen garden Skjeggesnes i Øverbygd for 180 spesidaler av enka etter Ole Thomassen Skjellet som rydda garden frå 1820. Her møter vi på nytt faren Guttorm Halvorsen som i 1841 har slege seg ned som rydningsmann på Finnjordet, seinare kalt Kjosnes, rett over elva for Skjeggesnes. I 1843 gifter Guttorm seg med enka på Skjeggesnes,





Eva Pedersdatter (f. ca 1784, d. 1859). Det er altså av stemor si at Halvor Guttormsen kjøper garden.

Etter dette tar Halvor navnet Skjeggesnes, og i 1847 gifter han seg med "sin elskede Anne". Dei får i alt 12 barn, og av disse er det 10 som veks opp. Den tredje i rekka var min morfar, Hans Halvorsen Skjeggesnes (1850-1934), gift med Mali Olsdatter (1847-1925) frå garden Jutulstad i Målselv. Foreldra hennar var og innflytta østerdøler, Ole Bersvendsen Kjæring (1812-1862) frå Tynset og Marit Knutsdatter Bergebakken (f. 1811), frå Alvdal. Mali og Hans hadde 4 barn, og den yngste av dei var mor mi, Marit (1889-1965), gift med Hans Kristian Heide (1878-1960) frå Grytøya i Trondenes (nå Harstad) kommune. Her vart eg fødd og voks opp.

Folkelivsgranskaren Eilert Sundt vitja Anne og Halvor

Då folkelivsgranskaren Eilert Sundt i 1863 kom til Målselv, budde han nokre dagar på Skjeggesnes hos Anne og Halvor Guttormsen. Han ga då denne skildringa av folket på garden: *"Ole Thomassen boede på Skjæggesnæs og døde barnløs. Hans Enke, opprinnelig en Kvænpige fra Sverige, men kommen som Barn med svenske Fjeldfinner til Balsfjorden, og der optagen mellem Bufinnerne, blev opgift med en indflyttet Mand fra Østerdalen, som nu blev boende paa Gaarden, den han har overladt til en Søn af en tidligere Forbindelse, hvilken Søn er op vokset i Østerdalen og altsaa her nord fik en finsk Stedmoder. Hos denne Søn, den nuværende brave Husbonde paa Skjæggesnæs, tilbragte jeg et Par særdeles hygge-*

lige Dage, kommen nordfra Finmarken, følte jeg mig halvvejs som hjemme her mellem disse østerdalske Omgivelser, paa den nesten østerdalske Gaard. Og endnu en liden Underlighed: ved at fordybe mig i Passiaren med den gamle Føderaadsmand (Guttorm Halvorsen) som havde været gift med hin finske Kone, faar jeg høre, at han, skjønt født nede i den norske Bygd Solør og norsk opvokset, dog egentlig var baade paa Faders og Moders side af finsk (kvænsk) Herkomst fra Finskogen, et Slægtskab der kom ham vel med, da han som Soldat i Krigens Tid laa i Felt nettop her oppe i Skoven ved den svenske Grænse. Og just denne Mand skulde blive det eneste Exempel her i denne Kreds paa Ægteskab mellom norsk (thi som norsk gjaldt han baade i egne og andres Øine) og finsk-kvænsk".

Dei vart gamle folk

Anne Olsdatter og Halvor Guttormsen levde og vart gamle folk i Målselv. Han døydde i 1901 og vart 80 år, medan Anne levde til 1917 og vart 90 år gammal. Dei er baa gravlagde på kyrkjegarden ved Nergårdskjerka i Øverbygd. Anne og Halvor var arbeidssame folk som dreiv garden sin godt. I 1865 hadde dei 2 hestar, 12 kyr og 19 sauer. Utsæden var 2.5 tunner bygg og 5 tunner poteter. I forslag til ny skyldlegging, trykt i 1867, er Skjeggesnes ført opp med 55 mål dyrka eng, 20 mål natureng og 50 mål dyrkbart land. Samla takstsum var 480 spd. Både Anne og Halvor var svært musikalske, men elles var dei nok på mange måtar heller ulike. Anne var kjent som ei sterk og myndig kvinne, noko biletet av henne også vitnar om.





Ho hadde eit sterkt, nesten gjennomtrengande, stålblått blikk, og mor snakka ofte om "oldemorauga". Halvor var derimot ein mild og heller fāmælt kar. Han var nok evnerik, og var m. a. eit par år (1847 og 1853) konstituert som (sjølvlært) lærar i Øverbygd. Han var felespelar og ein dyktig snekkar og smed. Desse evnene gjekk i arv. Fleire av sønene var gode felespelarar og dei var alle handverkarar av ulike slag (snekkar, smed, skomakar, skreddar m. m.). Derimot var dei nok mindre interesserte i gardsdrift, for ingen av dei tok over Skjeggesnes-garden som dermed gjekk ut av slekta i 1886 då Halvor ikkje lenger makta å sitte med han. Etter slekta til Anne og Halvor vart akta folk i Målselv, m. a. var sonesonen Halvor Hansen varaordførar i Målselv i nokre år og formann i styret (forstanderskapet) i Målselv Sparebank i mange år.

Levande minne frå heimbygda

Både Anne og Halvor hadde nok heimbygdene sine sterkt i minne gjennom alle år og fortalte mykje om desse, slik at både barn og barnebarn hadde god kunnskap om stadnamn og lokal-geografiske forhold der. Mor fortalte såleis om særmerkte gardsnamn i Sollia som Enden, Frami, Oppi og Uti. Ho fortalde også ofte om oldemor si ferd etter "prestvegen" over Ringebufjellet då ho i 1842 skulle konfirmerast i "Ringeboe Hovedkirke". Ho gjekk då vegen både fram og attende over fjellet. Ho vart konfirmert av sokneprest Jørgen Bernhoft (1794-1855) som var sokneprest i Ringebu i åra 1839 til 1855. Han ligg gravlagd på kyrkjegarden i Ringebu. Ei

anna historie som fortel om sterke minne frå "deres barndoms egn", er å finne i O. M. Sandviks "Østerdalsmusikken". Der er det attgjeve ei historie om oldefar Halvor, fortalt av Peder Andreas Stensland frå Målselv. Felespelaren Sevat Bersvendsen frå Rendalen kom nordover til Målselv på 1850-talet. Ein kveld spelte han Østerdals-slåttar for Halvor Guttormsen Skjeggesnes. "*Då gret'n Halvor, han tenkte på hembygda*", seier forteljaren. Måselvingane var elles på alle vis sterkt opptekne av sin opphavelege kultur og heldt på talemålet dei hadde med seg sørfrå. Til dømes kan eg nemne at mor mi, som var tredje generasjons utflyttar og budde det meste av livet utanfor Målselv, heldt på Østerdals-målet heile sitt liv. Utvandrarane tok og med seg gards- og stadnamn nordover, og desse går att over alt i Bardu og Målselv. Jacob B. Bull sine folkelivs-forteljingar frå Østerdalen stod høgt i kurs og vart flittig lesne av utvandrarane. I desse kjente dei seg att både geografisk og kulturelt.

Ferda nordover

Ferda nordover til Målselv var neppe noko særleg lettare enn det var for dei som drog til Amerika. Avgjerda om å reise var like ugjenkalleleg, og det var nesten ingen som vende attende. Dei fleste gjekk for det meste til fots til Trondheim, nokre heilt til Namsos vert det sagt. Nokre overvintra i Trøndelag under vegs. Så bar det vidare med båt til fjordbygdene i Troms, oftast til Sørreisa eller til Målsnes ved osen av Målselva i botnen av Malangen. Men ennå stod den mest strabasiøse delen att, den milelange turen oppetter dalen i veglaus





villmark. På den tid mine oldeforeldre kom, var det rydda eit slag veg og bygd bruer over sideelvene oppetter dalen. Elles var elva ei viktig farlei både sommar og vinter der ho flyt still og djup over lange strekningar.

Oftast vart det langt på sommaren før folk kom fram dit dei skulle slå seg ned. Det vart derfor knapt med tid til å få opp hus for folk og fe til vinteren. Dei første innflyttarane hadde nok ikkje rare greiene til hus dei første åra. Det var heller ikkje greitt å få samla brukbart vinterfor for dyra så seint på året, og det er mange beretningar om dyr som strauk med på grunn av lite og dårleg for. Morbror min fortalte om ein kar som hadde slege seg ned oppe i Mellombygda, og fått seg opp ein fjøsgamme for si einaste ku. Utpå vinteren var det så ein dag han kom uti fjøset, at kua ikkje vann å reisa seg. Han måtte så avgarde på ski til næraste nabo ei mil unna, for å få hjelp med å få kua på føtene att. Attende med naboen i det mørke og kalde fjøset fann dei ut at det heile skuldast at kurompa hadde frose fast i renna. Då karane fekk hogge og tint laus rompa, kom kua seg på føtene att og berga seg gjennom vinteren. Men sommaren etter vart ho slegen i hel av bjørnen. Som ein skjønar, var det ikkje så greitt korkje for folk eller fe den første tida.

Mange kom frå Sollia

Det var mange frå Sollia som utvandra til Målselv, ca 150 personar på knapt 90 år fram til 1883. I band 3 av Målselv bygdebok er det såleis eit heilsides fargebilete av Sollia kyrkje, med denne kommentaren: "Ikke så få av de som dro

nordover til Målselv fikk sine kirkelige tjenester i denne kirka". I vår samanheng må eg nemne at det og i generasjonen etter oldemor Anne reiste ei jente frå garden Hamn til Målselv. Det var Marit Jørgensdatter Havn (1855-1949). Ho var datter av Jørgen Pedersen (1826-1870) og Johanne Johnsdatter Havn, fødd 1828. Marit kom til Øverbygda i Målselv og vart der gift med syskjebarnet Guttorm Halvorsen (1848-1939), eldste sonen til Anne og Halvor på Skjeggesnes. Guttorm Halvorsen vart gardbrukar og smed på garden Jutulstad. Han var jeger og bjørneskyttar og var kjent for si framifrå gode sangstemme. I band 3 av Målselv bygdebok er det eit bilete av Marit og Guttorm Halvorsen tatt på gullbryllupsdagen deira.

Vinje var der og

Det var forresten her på garden Hamn i Atna i Sollia at Aasmund Olavsson Vinje tok inn då han kom over fjellet på veg til Trondheim i 1860. I *"Ferdaminne fra sumaren 1860"* skriv han slik: *"Då eg hadde fari yver ein brei fjellrygg millom Sollidi og nord mot Atnesjøen, kom eg trøytt og svolten ned til ein liten gard der mann og kone og fire fem småborn var alle så friske og fagre og kloke og snille at det var ei sann forsoning å sjå på. Mat og drykk fekk eg so godt som til gjevande; men det var vel etter den gamle gjengelege prisen. So vart eg vist ut i ei betre stove å taka meg ein kvilesvevn, og der stod eit spel (salmodikon) på bordet med notebøker ikring. Der spela og song altso dette fagre parfolk sundagar og helgekvevdar, når fok og storm susa frå Rundane, så det var rådlaut for folk å koma ut. Mannen*





skreiv ogso ei god handskrift. Folkelivet likjest den sterke fura som tidt tykkjest å veksa opp or svarte berget med ein og annan blomen ikring seg mellom raulyng”.

Dette var altså barneheimen hennar oldemor Anne Olsdatter. Kona på garden som sørgde for mat og kvile for Vinje, var halvsøstra Johanne Johnsdatter, dotter av Ragnhild Taraldsdatter og hennar tredje mann, John Johnsen f. 1797. Ovanfor nemnte Marit Jørgensdatter som flytta til Målselv og vart gift med eit syskenbarn der, var eitt av dei friske og fagre borna som Vinje skriv om. Ho var 6 år den gongen.

Ringen slutta

Familien min har i dag ei steinbu (lynnbu) inne i Venåssæter-morka i

Ringebu, og dermed er på ein måte slektsringen nå slutført for meg. På våre turar innover Ringebufjellet, tenkjer eg ofte på ho Anne oldemor og hennar ferd over fjellet då ho i 1842 skulle til ”masjonen” i Ringebu. Eg vert reint høgtidsstemt i sinnet ved å gå der i hennar fotefar. Ein ser sitt eige tilvære i eit større perspektiv i slike stunder. Om mangt og mykje har endra seg, så er dei gamle fjelli ”alltid eins å sjå” og ”merkesteinane” står der like trygt som før. Men godt er det at det har vorte lettare for fattigfolk og ”uægte børn” å greie seg her og andre stader enn det var den gongen ho oldemor trødde sine barneskor i Sollia. Det var nok ikkje like lett for alle i dei ”gode gamle dagar” då folk sleit og hadde det trongt.

Kjelder:

- Kyrkjebøkene for Ringebu prestegjeld og Åmot prestegjeld. Folketellinga for 1801 og 1865.
- Fosvold, A. 1984. Bygdebok for Stor-Elvdal. Band 2. Sollia Forlag.
- Haugli, V. 1990. Målselv bygdehistorie. Band 3. Utgjeven av Målselv kommune.
- Sandvik, O. M. 1943. Østerdalsmusikken. Ny utgåve i 1979.
- Vinje, Aa. O. 1985. Ferdaminne frå sumaren 1860. 3. opplag. (Utgjeven første gong i 1861). Gyldendal Norsk Forlag.

Takk: Takk til Knut Haugland i Sollia for all venleg hjelp, og til Statsarkivet på Hamar for velvillig informasjon.

